



MØTEBOK

Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 14.12.20 klokka 18:00 – 21:00

Stad: Banken og Teams

Til stades på møtet: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Kati Must Nybø, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Referent: Tor Helge

Saker til styremøtet

Sak 71/20: Meldingssaker

Sak 72/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 73/20: Fellesfiske med Ullensvang

Sak 74/20: Arbeid planlagt utført i 2021 – «lyse ut» dugnad

Sak 75/20: Bestilling tenestar FHAs

Sak 76/20: Budsjett 2021

Sak 77/20: Avgjersle Ulvabotn

Sak 78/20: Alternativ betalingsløyving

Sak 79/20: Perfish fiskeapp

Sak 80/20: Byrje arbeid for å endre reglane for tildeling av fellingsløyver på «syd»

Sak 81/20: Møteplan 2021

Tor Helge Haara Tjemsland/s/
Styreleiar

Sveinung H. Olsnes/s/
Fjelloppsyn/sekretær

Sak 71/20: Meldingssaker

Saksdokument:

- 2020.10.21.335.1.Sveigen Beitelag-kontrakt rett til hegne ved skyttarhytta
- 2020.11.02.612.1.TIL HA300-forventningar til organsiering av jaktområde
- 2020.11.17.035.0.Ullensvang kommune-Foreløpig svar på søknadfasadeendring Ninive
- 2020.11.23.001.4.Ullensvang kommune-offentleg ettersyn av planprogramHardanger Lift
- 2020.11.23.652.1.FMVE-Svar klage avslag utsetting Vestre Middyrvatnet
- 2020.11.24.652.1.FMVE-Svar Klage på avslag søknad om utsetting Sørå og Nordre Steggjavotna

Saksutgreiing:

- Frå førre møte: 2020.10.08.001.4. INN Ullensvang ungdomsråd- Mangel på jegerprøveinstruktørar

Målet til Røldal FS må vere at det kvart år kan vere jegerprøvekurs i bygda. Fram til no har ein hatt ressursar i bygda som kan ta seg av dette. Ein må sikre seg for at dette og kan tilbys i framtida. Pr i dag har HF slik kompetanse og kan tilby kurs til vanleg timepris. Det er signalisert fylgjande ressursbruk for eit kurs:

30 timar kurs – undervisning

27 timar køyring (9 turar Ulvik/Røldal)

4 timar førebuing

Leige av godkjend skytebane (rifle og hagle)

Materiell (ammunisjon rifle / hagle, blinker, figurer, merkelapper)

Event. leige av våpen?

Leige av kurslokale?

Bøker kjøper kursdeltakarane sjølv.

Kostnader til instruktør vert ca 27 000,- i tillegg kjem ovanfor nemnde ting.

Vanleg pris på eit jegerprøvekurs er mellom 2000-3000 kr. Det vil seie at ein må ha over ti deltakarar for å gå mot eit nullresultat.

- 2020.11.23.001.4.Ullensvang kommune-offentleg ettersyn av planprogramHardanger Lift

Ullensvang kommune har no lagt planprogrammet for Hardanger Lift ut på Høyring. Etter sakshandsamar si vurdering så ser planprogrammet bra ut. Ein kan vurdere å påpeike at det vil vere ein fordel å vente på endeleg rapport frå prosjektet Villrein og ferdsløse som er i den avsluttande fasen no.

Røldal FS skal etter fjellova «arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein slik måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftslivinteressene». Dette er ei sak som vil påverke både næringslivet og naturen. I denne omgangen så er det sjølv planprogrammet som er på høyring. Innspel til sjølv tiltaket kjem på eit seinare tidspunkt.

Referat

- Jegerprøveinstruktør: Med tanke på rekruttering vil det å kunne halde jegerprøvekurs lokalt vera viktig. Fjellstyret må difor vera aktive i å leggje til rette for dette. Per dags dato



har me ressurspersonar i bygda til dette. Om desse forsvinn har ein då moglegheit til å nytte HF til det same.

- Hardanger Lift: Diskusjon rundt relevansen for Røldal Fjellstyre. Einigheit om at tiltaket vil vera uheldig for randområda til reinsdyra, og at det utvilsomt vil generera uynskja trafikk inn mot «våre» områder.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

- Jegerprøveinstruktør: Tor Helge kontaktar NÅS og høyrer kva tankar han har rundt jegerprøve framover. Det vert også forfatta eit svarbrev til Ullensvang Ungdomsråd.
- Hardanger Lift: Sveinung forfattar eit svar der han påpeikar at det vil vere ein fordel å vente på endeleg rapport frå prosjektet Villrein og ferdsle.

Samrøystes

Sak 72/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing: (saksh: THHT)

- Vinje var ikkje veldig takknemlige for tilbakemelding m.t.p. fiskinga. Har vore i kontakt med ein potensiell fiskar. Saken er avslutta for vår del.
- Tor Helge bestiller ved. 40 sekker?
- Kome førespurnad om å kome med uttale om å avslutte motorferdsel med snøskuter på eit tidlegare tidspunkt m.t.p. reinsdyra. Gav tilbakemelding om at fjellstyret ikkje kjem til å ta stilling til dette før etter VKM-rapport føreligg.
- Småviltjakt på Svandalsflona, Statskog. Dette var ikkje aktuelt for statskog å leige ut. Dei skulle ha det sjølve. Det var ikkje interessant å diskutere vidare på dette.

Referat

- Kort gjennomgong av lista i saksutgreiinga frå leiar.
- Svein og Håkon har skrevet klage til forsikrings-saka i Ståvassvikja. Tor Helge signerer og Randi sender klaga til Gjensidige.

Andre punkt:

- Helleik donerte ein telefonstolpe til båtoplegget ved Holmavatnet. Han trengte ikkje få erstatta denne.
- Fjellstyret søkte Røldal Grunneigarlag om å vederlagsfritt få køyre over deira eigedommar dei neste 3 åra. Dette fekk me innvilga.

- Randi føreslår å gje ekstra økonomisk godtgjersele til Tor Helge med bakgrunn i alt ekstra arbeidet som har vore i samband med hytteutleige, kortsal osv. i år. Tor Helge fråtrede møtet under diskusjonen. Det vart føreslått ein eingongssum på 10 000 kr, då arbeidet lagt



ned i år må reknast å vera større enn det som vart lagt til grunn når godtgjerslene vart vedtatt i februar. Styret samla seg om forslaget.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

- Fjellstyret gjev Tor Helge eit ekstra godtgjersle på 10 000 kr for arbeidet lagt ned i 2020.

Einstemmig vedtatt. (Tor Helge tok ikkje del i denne avrøystinga).

Sak 73/20: Fellesfiske med Ullensvang

Saksdokument:

Saksutgreiing:

(Saksutgreiing frå sak i Ullensvang FS, Saksh: SL)

Røldal fjellstyre tok initiativ til eit samarbeid om vatna som ligg på grensa mellom Røldal statsallmenning og Ullensvang statsallmenning. Desse vatna er Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Røldal fjellstyre ynskjer at innanbygdsbuande tilhøyrande dei to statsallmenningane skal ha lik tilgang til fiske i vatna. Vidare ynskjer Røldal fjellstyre samarbeid om kultivering av vatna.

Røldal fjellstyre peikar på at det står dårleg til med kvaliteten på fisken i fleire tjørner som ligg i Ullensvang statsallmenning, men nære grensa til Røldal statsallmenning. Dei peikar særskild på Buanuttjødna (1295), Svervetjødna (1304) og 1275 nordom Eltaren. Dei meiner at det trengs hardare fiske i desse vatna, og foreslår at innanbygdsbuande i Røldal får tilgang til garnfiske i vatna. Røldal fjellstyre har behov for å auke fisket tilsvarande i Store Uravatnet, Øvre Hellevatnet og Nedre Hellevatnet.

Ullensvang fjellstyre handsama innspelet frå Røldal fjellstyre på møte 5. mai 2020. Det blei gjort vedtak om at sekretæranne for Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyra lagar ei felles sakshandsaming til neste fjellstyremøte.

Vatn som i heilheit ligg i ein statsallmenning

Alle som er busett i Noreg har rett til under like vilkår å oppnå høve til å drive fiske med krok utan fastståande reiskap, jf. fjellova § 28 1 ledd. Innanbygdsbuande i områda som høyrer til dei to fjellstyra har såleis tilgang til fiske i den andre statsallmenningen gjennom å kjøpe fiskekort på statsallmenningen, men berre for stongfiske. Tilgang til fiske med garn og oter er ein rett som i utgangspunktet ligg til innanbygdsbuande, jf. fjellova § 28 3. ledd. Fjellova opnar likevel for at fjellstyret kan gje slikt løyve til andre «*når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan reknast å vere til skade for fisken i vassdraget*». Dersom ein skal gjere eit slikt vedtak må det gjelde for *alle* utanbygdsbuande. Ullensvang fjellstyre har oppretta garnfiskekort for utanbygdsbuande for nokre av vatna på statsallmenningen etter denne paragrafen. Dette er store vatn der det er plass til fleire garnfiskarar utan at det går ut over interessene til fiskerettshavarane. Vatna som er nemnt i brevet frå Røldal fjellstyre er små, og opning for garnfiske for alle busett i Noreg vil potensielt gå ut over fiskerettshavarane sine interesser, og er såleis lite aktuelt.

Grensevatna



Det er kjent kunnskap at fisken vandrar over heile vatnet. Det vil difor i utgangspunktet ha liten påverknad på fiskeressursane at det blir opna for fiske over heile vatnet med fiskekort frå kvar av fjellstyra. I praksis kan dette føre til auka fiske i vatna det gjeld. Slik grensa mellom statsallmenningane kryssar vatna er det lite aktuelt for fiskarar med bruksrett i Ullensvang statsallmenning å sette garn på arealet i Holmavatnet og Tangasjøen som ligg i Ullensvang statsallmenning, medan det tilsvarande er lite aktuelt for fiskarar med bruksrett i Røldal statsallmenning å sette garn på arealet i Vetla Uravatnet som ligg i Røldal statsallmenning. For utnytting av fiskeressursane i vatna det gjeld er det ei praktisk løysing at fiskekortet gjeld for heile vatnet. Om noko vil det føre til meir fiske, men det er lite sannsynleg at det vil føre til overbeskatning av ressursane. Reint formelt er det ikkje rett fram å opne for at fiskekort for ein statsallmenning skal gjelde for vassareal i ein anna statsallmenning, men etter dialog med Miljødirektoratet har sekretær kome fram til at dette kan sjåast på som ei praktisk løysing som har liten påverknad på fiskeressursane i vatna det gjeld, og interessene til fiskerettshavarane i kvar enkelt statsallmenning. Fjellstyra kan vurdere om dei eventuelt ynskjer at dette skal gjelde for alle fiskekorta, eller om det berre skal gjelde for garnfiskekort for innanbygdsbuande. Det er enklast å handheve dersom det gjeld for både stongfiskekort og garnfiskekort.

Ei ordning som skissert over krev ei endring i fiskereglane som skildrar at fiskekortet gjeld for heile vatna det gjeld. Ei mogleg løysing er å fylje Røldal fjellstyre sine fiskereglar for Holmavatnet og Tangasjøen, medan ein føl Ullensvang fjellstyre sine fiskereglar for Vetla Uravatnet. Fiskereglane blir då slik:

Holmavatnet og Tangasjøen:

- Ikkje lov å nytte fleire enn fem garn
- Garna skal ha maskevidde større eller lik 31,5 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar)

Vetla Uravatnet:

- Fri maskevidde
- Inntil 10 garn pr. fiskar. Det kan i tillegg nyttast inntil fem garn med maskevidde inntil 26 mm

Felles kultivering av grensevatna

Det er fleire aktuelle modellar for fordeling av kostnadar til kultivering av grensevatna. Eit alternativ er å basere det på bruken av fiskarar frå kvar enkelt statsallmenning. Det krev innhenting av info frå fangstrapporatar ein del år framover for å kome fram til eit tal. Ein enklare måte å gjere det på er å basere fordeling av kostnadar på vassareal i kvar enkelt statsallmenning for kvar av vatna. I alle tilfelle må det vere ein god dialog mellom fjellstyra før det blir sett i gang kultiveringstiltak.

Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på fem år (til og med 2025). For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Referat:

Det var semje i styret om å foreslå ein avtale med Røldal fjellstyre som i framlegg til vedtak, men styret ynskjer at avtalen skal gjelde for ein prøveperiode på to år (til og med 2022). Vidare blir det understreka at det er viktig med god fangstrapportering for å evaluere ordninga. Fjellstyret oppmodar Røldal fjellstyre om å ha ei form for rapporteringa på fiskekorta sine.



Vedtak (sak UFS 45/20):

Ullensvang fjellstyre foreslår fylgjande avtale mellom dei to fjellstyra:

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på to år (til og med 2022).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Ullensvang fjellstyre meiner det er viktig med god fangstrapportering for å evaluere ordninga, og oppmodar Røldal fjellstyre om å ha ei form for rapportering på fiskekorta sine. Samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å få til eit samarbeid med Ullensvang FS om grensevatna og gjer likelydande vedtak som Ullensvang FS har gjort i sak 45/20

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på to år (til og med 2022).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Referat:

- Tor Helge synest oppmodinga til Ullensvang fjellstyre om fangstrapportering bør imøtekomast sidan dei har tru på at dette funkar. Ein bør sjå på kva alternativ ein har for dette, og velje ei løysing som er lettvindt for brukarane. Forhåpentlegvis vil Inatur funke til dette.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å få til eit samarbeid med Ullensvang FS om grensevatna og gjer likelydande vedtak som Ullensvang FS har gjort i sak 45/20

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på to år (til og med 2022).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på



vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer å få til eit samarbeid med Ullensvang FS om grensevatna og gjer likelydande vedtak som Ullensvang FS har gjort i sak 45/20

- Røldal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre opnar for at fiskekorta (stongfiskekort og garnfiskekort) for kvar enkelt fjellstyre skal gjelde for heile Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet. Dette gjeld for ein prøveperiode på to år (til og med 2022).
- For fiske i Holmavatnet og Tangasjøen gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Røldal statsallmenning.
- For fiske i Vetla Uravatnet gjeld dei til ei kvar tid gjeldande fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.
- Kostnadar til kultivering av grensevatna blir fordelt mellom dei to fjellstyra basert på vassarealet i kvar statsallmenning for kvart av vatna.

Røldal Fjellstyre skal også sjå på moglegheita for å innføre eit brukarvennleg fangstrapporteringsystem

Samrøystes

Sak 74/20: Arbeid planlagt utført i 2021 – «lyse ut» dugnad

Saksdokument:

- 2020.12.14 Oversikt planlagt arbeid – Oppslag

Saksutgreiing: (sakshandsamar: THHT)

Kartlegginga av vedlikehalds- og utbetningsbehov på fjellstyrehyttene visar eit enormt etterslep på vedlikehaldet. For å kunne halde kostnadane på eit edruleg nivå, vil det vera eit behov for dugnadsinnsats dei neste åra. Ansvar for dette tilfelle sjølvsagt alle brukarane av Røldal Statsallmenning. Ein må difor prøve å få desse på banen snarast.

Tor Helge har under lista opp dei viktigaste oppgåvene som må løysast i næraste framtid. (Dei i kursiv kan utsettast.) Resten skal gjennomførast i 2021 (anten gjennom dugnad eller ved å leige arbeidskraft).

Vedlikehaldsettersleppet på stølane på Haukeli er, om mogleg, endå større. Dette vert ikkje teke med her. Det er heilt uaktuelt for Tor Helge å spørje bygdafolk om å utføre dugnad for leigetakerane våre. Beiteleigerane har signert på at dei er ansvarlege for vedlikehaldet. Dette må me ta opp som eiga sak ved ein seinare anledning.

Ninive:

Ute (i samband med renoveringa):

- Fjerne torv frå tak
- Måke fram hytta til våren, slik at riving og grunnarbeid kan byrja



- Rive kledning og bislag
- Støype golv i bislag
- Bistå innleigd snikker under oppbyggingsarbeidet
- Transport av verktøy og material – (fjellstyret dekker drivstoff, 100 (?) kroner per tur)
- Tømme utedass

Inne:

- Bytte innerdører, flytte soveromsdør mot yttervegg
- Liste (rundt vindu og dører) (Isolere?)
- Nedvask etter fullført prosjekt (i løpet av sommaren)
- Bygge nye køysenger på soverom*
- Flytte/montere kjøkkeninnredning*

Eriksbu

Ute:

- Skifte ytterdører. Både den til hytta og dei to i skuten.
- Scootertransport av gass, ved o.l.

Inne:

- Nedvask av hytta
- Bygge to vedkassar med lokk (viktig, jfr. brannforskrift)

Gamlabua:

Ute:

- Hytte og skut må skrapast og målast (vegger og vindu)
- Scootertransport av gass, ved o.l.
- Sikre solcellepanel
- Montere luke (skodde) på vindu mot aust
- Måke fram, rydde ut og køyre vekk søppel frå steinbua*

Inne:

- Rydde i hytta, kaste det som kan kastast
- Nedvask av hytta
- Bygge vedkasse med lokk/oppbevaring til solcellebatteri (viktig, jfr. brannforskrift)

Diverse anna:

Følgjande må også gjerast:

- I tilfelle godkjent løyve om utsetting av fisk i vatn på statsallmenninga, er det behov for folk til å bere og sette ut fisken.
- Lage båtopplegg til båt ved Uravatnet*
- Gå over alle båtutsetta/båtane og sette dei i skikkeleg stand.*
- Arbeide politisk for å endre Odda kommune sin forskrift for motorferdsel*
- Oppfisking – fiske med småbeinte garn i Øvre og Nedre Hedlevatn, Skuratjødna (Ostanuttjødna) og Uravatnet. Rapportere fangsten tilbake til fjellstyret.*
- Prøvefiske i Steggjavotna, Holmavatnet, Uravatnet og Vetle Uravatnet*



- *Med tilhøyrande rapport som kan framleggjast fylkesmannen.*

Referat

Moglegheitane til å få gjennomføre allmannamøtet før vintersesongen er svært små. Fjellstyret kan ikkje lenger håpe på at dette lar seg gjere. Forslaget er difor å «lyse ut» arbeidet, og håpa at folk melder seg frivillig. Forslaget er å vise til arbeidsoppgåvene i lista i saksutgreiinga.

Diskusjon om ein allereie no bør leige HF til noko. Tor Helge meiner det er mykje forlangt å be nokon bistå betalt handlangar på dugnad i vekedagar. Forslag om å kome med førespurnad til HF om dette, men og samtidig høyre om nokon er villige til å gjere dette på dugnad. Ein kan i så tilfelle benytte HF til andre oppdrag. Fjellstyret informerer om dugnadsbehovet med lapp på handelsslaget, publisering på facebook, og mail til alle jegerane.

Ein kjem også inn på utlysing av sjølve snikkerjobben på Ninive. Det vert diskutert og einigheit om at ein bør lyse denne no. Ein vil i fyrste omgong lyse dette arbeidet ut til lokale handtverkarar.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

- Fjellstyret informerer brukarane om dugnadsbehovet i diverse forum, og ser kva dei er interessert i å utføra. Det vert sendt ein førespurnad til HF om moglegheit til å utføre 50 timars arbeid.
- Renoveringsarbeidet av Ninive vert lyst ut lokalt, med målsetjing om fullføring i løpet av 2021.

Sak 75/20: Bestilling tenestar FHAs

Saksdokument:

2020.12.14 Bestilling Tjenestekjøp Røldal fjellstyre 2021

Saksutgreiing: (sakshandamar SHO)

Fjellstyret må ta stilling til kva tenestar det er ynskjeleg å leige fjelloppsynet til i 2021. Detaljert oversikt i eige excel-dokument.

Referat

Tor Helge informerer om at det i budsjettet til HF er planlagt for eit tenestekjøp frå Røldal Fjellstyre på kr 174 000. (Eigentlig kr 216 000.) Kort informasjon frå Tor Helge kvifor dette beløpet er så høgt som det er. Diskusjonen visar ei bekymring for det høge kostnadsnivået.

Gjennomgong av oversikt i excel dokument.

- Det vert einigheit om å bruke inntil 5% av årets inntekt frå fiske og småvilt til oppsyn til fiske og småvilt. Det vil vera eit krav at oppsyn til småviljakt vert lagt til ei helg i byrjinga av jakta.
- Det vert bestemt å fjerne forslag om kjøp av transporttenestar då ein ynskjer å gjere dette lokalt.



- Ein ynskjer at HF utfører branntilsyn og lager til ei rapporteringsrutine på tilstand til redningsvestar då dette er noko fjellstyret vil stå ansvarleg for. Førespurnad om dette er mogleg vert sendt HF.
- Sender førespurnad om HF kan snikkera vedakassar med lokk der dette er nødvendig, jmf brannføreskrift. I samband med dette ynskjer fjellstyret at utedass på Ninive vert tømt.
- Timar planlagt i sakshandsaming vert redusert noko i forhold til forslag.
- Det vert planlagt for å delegera ansvaret og arbeidet med forsikringane over på sekretær. Om mogleg, planlegger ein for ein full gjennomgong av desse.
- Tor Helge seier at arbeidet med å selje jaktkort på rein til utabygdsjegerar må delegerast til sekretær. Det vert vist forståing for dette av fjellstyret, og ein planlegg dermed for ei høgare utgift til denne posten.

Samanlikna med vedtatt budsjett i HF vert dette eit noko mindre beløp. Dette forklarar Tor Helge med at han ikkje var informert om at timeprisen HF nytta var inklusive MVA.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

- Fjellstyret samlar seg rundt forslaga visst i referatet over, og vedtar eit planlagt tenestekjøp i 2020 på kr 153 000,-.
- Leiar sender eit skriv til HF med førespurnaden om tenestekjøp. Ein informerer også om den økonomiske situasjonen til Røldal Fjellstyre, og korleis fjellstyret ikkje tålar auka utgifter i åra som kjem. Fjellstyret må soleis planlegge for å begrense utgiftene.

Samrøystes

Sak 76/20: Budsjett 2021

Saksdokument:

Budsjett for 2021

Saksutgreiing: : (sakshandamar SHO)

Forslaget til budsjett er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Tenestekjøp som vedteke i styret i FHas og av fjellstyret i sak 75/20.
- Inntekter frå reinsdyrkort på nivå med 2020.
- Andre inntekter som i 2020
- Alle kostnader til Ninive vert aktivert og ikkje kostnadsført i år.

Referat:

Gjennomgong av budsjett. Små endringar i henhold til forslag. Antar 100 000 kroner mindre i inntekter frå sal av reinskort. Reduserer tenestekjøp i handhald til vedtak i sak 75/20. Kostnadsfører ikkje alle utgiftene til Ninive i år.



Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret godkjenner framlagt budsjett for 2021 med endringane nemnt i referatet.

Samrøystes

Sak 77/20: Avgjersle Ulevåbotn**Saksdokument:****Saksutgreiing: :** (sakshandamar SHO)

NFS er førespurd om det juridiske rundt å leige ut fjellstyrehytter eksklusivt til ein brukar over tid. Svaret er: «*Nei, vi er ikkje kjent med at det er noko juridisk til hinder for at fjellstyret leiger ut ei fjellstyrehytte på langtidsutleige.*

Det går sjølvst an å argumentere for at det ikkje er i tråd med fjellstyre si oppgåve om å legge til rette for alle, både innanbygd og utanbygd, når ei fjellstyrehytte blir leigd ut på langtidskontrakt til enkeltperson.

Kontrakta bør vere mogeleg å seie opp for begge partar.»

Sakshandsamar ser denne saka slik at det her er tale om å berge eksisterande bygningsmasse på beste vis. Fjellstyret vil ikkje ha økonomi til å setje i stand bygningsmassa på Ulevåbotn slik økonomien no er. Det er store kostnader til vedlikehald på all bygningsmasse fjellstyret har. Fjellstyret bør derfor vurdere tidlegare framkomne forslag om å leige ut Ulevåbotn i ti år mot at leigetakar set hytta i stand. Det må lagast ei god kontrakt der det klart går fram kva som skal gjerast og kva for kvalitet arbeidet skal ha.

Fjellstyret bør stå som ansvarleg for forsikring og offentlege avgifter (renovasjon, feiing osv).

Referat:

Kort diskusjon rundt situasjonen. Einigheit om at den beste løysinga er om ein får leiga ut stølen mot istandsetting. Det bør gjevast moglegheit til å kome med innvendingar mot denne ordninga om nokon av brukarane er ueinig i denne måten å løyse dette på.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

Fjellstyret tilbyr innanbygdsbrukarar å søkje om langtidsleige av stølshusa og stølsvollen i Ulevåbotn. Ein gjere dette ved å henge opp lapp på handelslaget med søknadsfrist til 15. januar. Frist for innvendingar til dette vert sett til same frist.

Samrøystes



Sak 78/20: Alternativ betalingsløsning

Saksdokument:

Saksutgreiing: : (sakshandamar SHO)

Røldal FS bør finne ei alternativ betalingsløsning slik at ein ikkje treng å overføre til konto eller handtere kontantar. Det er i dag krav til kassaløysing dersom ein driv kontantsalg over 50 000 pr år, kortsalg er og rekna som kontantsalg. Det er lista opp nokre unntak i lova:

Unntaksbestemmelsene i bokføringsforskriften § 5-4-1 fra 1. januar 2019 kan oppsummeres slik:

- *Generelt unntak for bokføringspliktige med kontantsalg som ikke overstiger kr 50 000 eksklusive merverdiavgift i løpet av et regnskapsår*
- *Ambulerende eller sporadisk kontantsalg som ikke overstiger 3 ganger folketrygdens grunnbeløp i løpet av et regnskapsår. Eksempel på ambulerende virksomhet kan være salg av frukt og bær langs veien om sommeren, salg på messer og lignende og salg fra fiskebil. For virksomheter som i hovedsak selger på kreditt, kan unntaket for sporadisk kontantsalg komme til anvendelse.*
- *Kontantfaktura som tilfredsstillter kravene i bokføringsforskriften delkapittel 5-1, dvs. at alt kontantsalg må registreres med angivelse av kundens navn og adresse på kvitteringen (fakturaen), uavhengig av beløpets størrelse. I Skattedirektoratets prinsipputtalelse av 7. januar 2019 er det gitt nærmere omtale av hvem som kan benytte dette alternativet, samt konsekvenser av feilaktig bruk av unntaksbestemmelsen. For ikke å komme inn under kassasystemlova må leverandør sørge for at systemet er oppbygd slik at det ikke kan registreres kontantsalg på systemet uten at kjøpers navn og adresse blir registrert.*

Ein må då diskutere kva for betaling ein ynskjer ikkje skal gå via innskot rett til bank. I dag vert Reinskort til utanbygds, småviltkort og fiske seld via Inatur.no og då går betalinga av seg sjølv.

Det ein treng ei betalingsløsning til framover er:
Hytteleige og reinskort til innanbygds.

Mogelege løysingar for Røldal FS kan vere:

VIPPS:

Dette er i dag ei rein pengeoverføringsløsning og er ikkje godkjent som kassaløysing i høve skattemyndigheitene. VIPPS er under omlegging og vert mogelegvis ikkje så bra som det den har vore. VIPPS signaliserer i desse dagar at dei likevel kanskje kjem til å fortsetje med ei form for salgløysing i appen. Dette kan då vere svært aktuelt for Røldal FS som betaling for hytteleige. Når det gjeld betaling for reinskort til innanbygds så kjem ein under unntaksbeløpet som er 3 G. Så er spørsmålet om ein kan definere salet av reinskort som sporadisk kontantsalg. Dette vil bli undersøkt mot NFS/Skatteetaten.

Vipps kostar pr i dag frå 1,75 til 2,25% av beløpet i avgift. Ingen faste kostnader.



IZettle:

Kortlesar som ikkje har faste kostnader. Kostar 1,75 % i avgift pr transaksjon. Izettle kan byggast ut til å omfatte godkjent kassaløysing (279,- kr pr mnd). Izettle kassaløysing er og integrert med Vipps, slik at kunden kan betale med vipps om han vil. Dette føreset at Izettle kan integrerast mot rekneskapsførar.

Ved val av løysing må ein sjå dette opp mot Inatur og kva ein får der. Ved bruk av INatur betalar fjellstyret 5% for sal av reinsdyrkort. Dette kan synast mykje, men det er nokre fordelar.

- Betaling går automatisk
- Trekking og tildeling av kort går automatisk
- Sjekk av jegeravgift går automatisk
- Fjellstyret får eitt bilag, dvs stor nedgang i talet på bilag og følgeleg billigare rekneskapsføring.
- Godkjent salg ift skattemyndigheitene- slepp å tenke kassaløysing og andre betalingsløysingar.
- Lite arbeid med innanbygdskort. Alt er ferdig og kan delast ut utan å tenke på betaling eller annan dokumentasjon. Liten bruk av tid.

Døme ved sal av 150 kort til ein snittpris på 1000,-

Inatur: kostar 7500,-

Her får du alt inkludert og kan levere ut kort.

Izettle: fastpris: 3348 , pluss avgift: 2625, dvs 5973 kr totalt

Her må du i tillegg sjekke alle jegeravgiftskort før utlevering og trekke manuelt. Du må og sjekke at betalinga faktisk har kome inn.

Du får og mange bilag og du må ta imot betaling med kort eller vipps ved utlevering.

VIPPS: 3375,-

Her må du i tillegg sjekke alle jegeravgiftskort før utlevering og trekke manuelt. Du må og sjekke at betalinga faktisk har kome inn. Det er ikkje godkjent kassaløysing.

Referat

Kort diskusjon rundt teamet. Einigheit om å utsetje saka, då Sveinung nok sit med mest kompetanse om temaet.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

- Saka vert utsett til meir informasjon er tilgjengeleg.
- Sveinung sjekkar mot NFS/Skatteetaten om ein kan definere salet av reinskort som sporadisk kontantsalg.
- Randi sjekkar mot rekneskapsførar om dagens løysing mtp sal av reinskort o.l. er innanfor.

Samrøystes.



Sak 79/20: Perfish fiskeapp

Saksdokument:

- Mail 06.10

Saksutgreiing: : (sakshandamar SHO)

Det dukkar med jamne mellomrom opp spørsmål om å bli med i ulike fiskekortordningar og då også via diverse applikasjonar. No seist altså Perfish. Perfish tilbyr ein app der du kan gå inn på eit kart og finne fiskekort der du er. Du kan og betale for dette i appen. Pr i dag er det svært få tilbydarar og svært få som har lasta ned appen. Den har og fått til dels dårlege tilbakemeldingar frå brukarar. Firmaet er registrert i Sverige og har nesten ikkje inntekter.

Referat

Fjellstyret har ikkje kunnskap om den aktuelle appen, og støttar seg difor på saksutreiinga.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS går ikkje inn på noko avtale med Perfish på noverande tidspunkt.

Vedtak

Røldal FS går ikkje inn på noko avtale med Perfish.
Sveinung sender avslaget til Perfish.

Samrøystes

Sak 80/20: Byrje arbeid for å endre reglane for tildeling av fellingsløyver på «syd»

Saksdokument:

Saksutgreiing: (sakshandsamar: THHT)

Røldal Fjellstyre hadde dette oppe i sak 38/13. Vedtaket i den saka medfører at dersom ein jeger blir trekt ut på Syd, får han ikkje vera med i trekning (på syd) på nytt før etter 3 år. Fjellstyret bestemte i sak 34/20 at dei ynskte å vurdere denne praksisen etter årets jakt (og dei som tok ut kort i år vil verte påverka dersom det vert endring av praksis).

I etterkant av kortutdelinga i sommar, kom dei årlege reaksjonane på at måten fellingsløyvene vert fordelt på syd må vera urettferdig. Tor Helge meiner dei som ytrar desse påstandane har rett (matematisk «bevis» under), og kjem med forslag til ei alternativ måte å løyse dette på. Situasjonen med reinsdyra på Hardangervidda, kan potensielt gjere denne regelendringa endå meir aktuell. Det er difor viktig at me brukar tid på å finne ein ordning som virkar. Under følgjer Tor Helge sitt forslag. I denne omgang føreslår Tor Helge at fjellstyret og sekretær tar dette til etterretning i denne omgang, og forsøker å finne feil i hans resonnement. Saka vert tatt opp at på neste fjellstyremøte, der ein satsar på å vedta nye reglar. Alle fjellstyremedlemmane skal innan det, ha sendt sine innspel til sekretær.



Tor Helge sine tankar:

Det virkar som om dagens ordning er akseptert av dei fleste jegerane, i alle fall i år med mange fellingsløyver også på syd. Tor Helge meiner likevel at denne ordninga bør reviderast, då den framstår som noko halvhjerta, og vil ikkje fjerne tilfeldigheitene som rår ved korttrekninga over tid. Nokre jegerar VIL vera uheldige og aldri «vinne» trekninga. For desse jegerane framstår sjølv sagt ordninga som svært urimeleg, noko dei også gjev uttrykk for.

Litt matematikk: Hypotetisk scenario med novarande regel: (for å enklare illustrera problemet) 48 jegerar søkjer på 4 bukkakort på syd kvart einaste år. Dvs 8 stykk i karantene til ei kvar tid. Dette medfører ein sannsynligheit på 10% (4/40) for å vinne trekninga eit tilfeldig år. Rettferdig fordeling tilseier at kvar jeger får bukkakortet kvart 12 år. $12 \times 4 = 48$. Med ordninga slik den er no, så er det over 30% sjanse for at ein tilfeldig jeger IKKJE får løyve i løpet av 10 år. Systemet er altså urettferdig for 1/3 av jegerane!

Tidligere praksis i år med få løyver, har vore at jegerar berre får ta ut kort på anten Nord eller Syd. Det har vore to separate trekningar, og i 2018 vart i tillegg vedtaket frå 38/13 handheva. Dette betyr at fellingsløyva for nord og syd vart forvalta som ein pot, der dei fleste fekk to moglegheit ar til å delta i trekninga. Unntaket var sjølv sagt om du hadde hatt kort på syd dei to siste åra. Då fekk du berre ein sjanse.

For tildeling av kort på Syd, så bør me difor ta høgde for to forskjellige scenario; eit der me vert tildelt nok fellingsløyver på Nord, og kan tilby alle innanbygdsjegerar kort innan trekninga. I det andre scenarioet greier me ikkje tilby alle jegerane kort på den fyrste trekninga.

Bukkajakta på Syd er eksklusiv, og det bør difor lagast til eit system som sikrar ein rettferdig fordeling av denne i åra framover. Når det gjeld tildeling av reine simlekort/kalvakort, så er desse noko dei fleste jegerane ikkje er interesserte i. Ein må difor vurdere om ein skal tildele desse i ei eiga trekning.

Dessverre så må ein også lage eit system som tar høgde for at det kanskje berre vert jakt på syd i åra framover.

Framlegg til nye reglar:

Fjellstyret skal så langt det er mulig, forsøke å dele ut fellingsløyver på Syd (SE146-6), uavhengig av tildelinga av fellingsløyver på Nord (HA280). Fjellstyret vil likevel ikkje tildele innanbygdsjegerar fellingsløyve både på Nord og Syd før alle søkjerane på Nord har vorte tildelt fellingsløyve på Nord.

I år der fjellstyret kan tilby fellingsløyver til alle jegerane på Nord:

- Jegerane kan søkje, og verte tildelt, fellingsløyver både på Nord og Syd.
- Det vert gjennomført ei eiga trekning for fellingsløyva på Syd. Jegerane skal spesifisere på søknaden om dei ynskjer å vera med på trekninga av fritt dyr kort og/eller simlekort.
- Det vert innført to uavhengige poengsystem for kortfordelinga på Syd. Eit for tildeling av fritt dyr eller simle/ungdyr kort og eit for tildeling av simle eller kalve kort. Ein jeger kan berre verte tildelt løyve i ein av kategoriane kvart år, så fremt det er andre interessentar til



dei aktuelle løyvene. Jegeren tar med seg poenga frå år til år. Ein vert tildelt følgjande poeng for dei forskjellige fellingsløyvene:

- Fritt dyr (inkl. «fritt-dyr-pakke») – 25 poeng
 - Simle/ungdyr (inkl. «simle/ungdyr-pakke») – 15 poeng
 - Simle (inkl. «simle-pakke») – 25 poeng
 - Kalv (inkl. «kalve-pakke») – 15 poeng
- Ein jeger som vert tilbydd fellingsløyve på anten fritt dyr eller simle/ungdyr innan jaktstart, men seier det frå seg, vil også verte tildelt poenga. Unntak berre pga sjukdom (legeattest krevjast).
 - Ein jeger som vert tilbydd fellingsløyve etter jaktstart vil verte tildelt halvparten av poenga. Ein jeger som vert tilbydd fellingsløyver to veker før opprinneleg jaktslutt, vert ikkje tildelt nokon poeng.
 - Jegerane vert tilbydd kort ut frå minst antal oppsamla poeng, og plassering på trekningslista. Fellingsløyva verd flest poeng vert tilbydd fyrst. Jegeren som vert tilbydd løyve, kan velje å ta ut eit mindre «attraktivt» fellingsløyve.
 - Dvs. jegeren på lista med minst poeng vil få tilbod om fellingsløyve fyrst. I dei tilfella der fleire jegerar har like få poeng, vil trekningslista avgjere kven av dei som vert tilbydd løyve fyrst.
 - Ein kan ikkje ha med seg poeng som er eldre enn 10 år.

I år der det er mogleg at fjellstyret ikkje kan tilby fellingsløyver til alle jegerane på Nord:

- Inntil alle jegerar vert tilbydd eit fellingsløyve, vil det berre vera mogleg å verte tildelt fellingsløyve anten på Nord eller Syd.
- Det vert gjennomført ei felles trekning av jaktkort både på Nord og Syd. Jegerane på trekningslista må ta stilling til om dei vil ta ut kort anten på Nord eller Syd.
- Jegerar som tar ut kort på Syd i slike år, vil ikkje verte påført poeng mtp framtidige kortutdelingar på Syd. Unntaket er om dei før jaktstart likevel vert tilbydd fellingsløyver på begge jaktvalda.

Referat

Kort forklaring av problematikken og tankerekkja frå Tor Helge. Umulig å få eit 100% rettferdig system, men mogleg nærme seg. Tanken no er ikkje å vedta nye reglar, men å byrje å tenkje på alternative måtar å gjere dette på. Det er også eit poeng at interesserte brukarar får moglegheiten til å sjå desse, og kome med eventuelle innspel før nye reglar er vedtatt. Det viktige er å få til ein god prosess, slik at ein endar opp med eit rettferdig system.

Andrè påpeika at poengsystemet over har ein svakheit når fleire når same poengsum. Det rettferdige må vera at den som har gått lengst utan kort kjem fyrst i køen. Forslag om å kompensere for dette ved å redusere opptente poeng årleg.

Rett i forkant av møtet vart det sendt ut informasjon frå SNO angående tiltak for å forhindre reinsdyr frå syd i å krysse over E-134. Diskusjonen dreia seg over på dette, og konsekvensane av dette. Som ein del av dette tiltaket skal ein forsøkje å støkkje dyra vekk frå E-134, og har difor laga ein «no-go-zone» for reinsdyra som strekkjer seg gjennom store delar av vårt villreinterreng. Tiltaket er per dags dato i oppstartsfasen, og mykje er soleis endå usikkert.



Framlegg til vedtak:

Fjellstyremedlemmene tar orienteringa til vitande og skal innan neste møte ha gjeve ei uttale til nye reglar for kortutdeling på syd.

Vedtak

Fjellstyremedlemmene tar orienteringa til vitande. Saka vert tatt opp at ved ein seinare anledning.

Sak 81/20: Møteplan 2021**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing: : (sakshandamar SHO)

Sakshandsamar ynskjer å kome fram til ein møteplan for 2021.

Møteplan Røldal Fjellstyre 2021	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Måndag 25.01	Vedtak prisar 2021, videreføring samjaktavtalar, planlegging vintersesong, planlegging renovering Ninive, rekneskap og årsmelding dersom klart. Avklaring salgsmåtar for villreinkort og småviltkort og fristar for søknad.
Måndag 29.03	Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status støylar og hytter, rekneskap og årsmelding dersom ikkje klart i januar
Måndag 10.05	Diverse før sommaren
Måndag 18.10	Oppsummering sommarsesong og reinsjakt...
Måndag 13.12	status/oppsummering rjupejakta, orienteringar, prisar for 2021, plan for drifta i 2021, møteplan 2021, budsjett tenestekjøp 2021
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte

Planlagte møter utan «sekretærbehov»:

- Jaktkortutdeling
- Møte med Sveigen beitelag
- Allmannamøte



Datoane er veiledane...

Referat

Kort diskusjon.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak

Fjellstyret vedtar føreslått møteplan for 2021.

Samrøystes

